Fylkesmannen i Vestland

Stad:
Leikanger

Vår ref.(oppgi ved svar):
2019/1827

Dato:
27.11.2020

Dykkar ref.:
Rolf V. Bentås

Sunde Resirk AS
Utladalsvegen 10
6884 Øvre Årdal

Sakshandsamar::
Toril M Mulen

Rapport frå inspeksjon ved Sunde Resirk AS avd. Utladalen

Kontrollnummer: 2020.080.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Rolf Bentås
Jens Vidar Sunde

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Toril M Mulen og Eirik Skjerdal Lysne

Frå Årdal Brann og Redning
Gaute Johnsgaard og Svein Ove Åmås

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sunde Resirk AS avd. Utladalen den 30. oktober 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og Årdal Brann og Redning avdekka 1 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:
Internkontrollen har manglar

Avvik er nærare omtalt frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Eirik Skjerdal Lysne	Toril M Mulen
rådgjevar	seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Vestland

Kopi til: Årdal kommune
Årdal Brann og Redning

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Sunde Resirk AS	
Organisasjonsnr.: 972220248	**Eigd av:** 995772604
Bransjenr. (NACE-kode): 38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall	

Kontrollert eining

Namn: Utladalen industrifelt – Sunde Resirk AS – farleg avfall	**Anleggsnr.:** 4643.0015.02
Kommune: Årdal	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall – mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 22.02.2011	**Sist endra:** 20.12.2016

Kontrollert eining

Namn: Utladalen industrifelt – Sunde Resirk AS – ordinært avfall	**Anleggsnr.:** 4643.0007.01
Kommune: Årdal	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall – mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 22.02.2011	**Sist endra:** 20.12.2016

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadane av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadane om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48 og brann- og eksplosjonsvernlova § 13.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning

- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller brannførebyggande arbeid i verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Sunde Resirk AS avd. Utladalen pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Årdal brannvesen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Sunde Resirk AS avd. Utladalen innan **1. mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Fylkesmannen i Vestland og Årdal Brann og Redning. Kvar etat vil etter dette følgje opp avvik etter eige regelverk.

Dersom Årdal Brann og Redning ikkje mottar tilbakemelding innan fristen, vil dei vurdere pålegg om retting av avvik, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Toril M Mulen og Årdal Brann og Redning (svein.ove.amas@ardal.kommune.no) v/Svein Ove Åmås.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 28. september 2020. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Sunde Resirk AS avd. Utladalen betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1
Internkontrollen har manglar

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta

- § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering
- § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar

Kommentar til regelverket:
Risikovurdering - § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda skal kartlegge farer og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Rutinar - § 5 andre ledd punkt 7
Verksemder skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte skriftleg og skal sikre at verksemda følgjer krav i miljø- og brannregelverket.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Risikovurdering - § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda sin risikovurdering er mangelfull når det gjeld brann og miljørisiko ved brann.
I miljørisikovurderinga som er utarbeidd av Asplan Viak på oppdrag frå Sunde Resirk AS står det at det er hull i gjerdet. Dette kan medføre fare for at eventuelt brannslukkevatn renn i elva Utla. Verksemda har tankar om kvifor hullet i gjerdet ikkje er tetta, men det viser ikkje att i miljørisikovurderinga.

Brann i avfallsanlegg må sjåast på som ein påreknеleg risiko der det vil kunne skje utslepp av sløkkevatn/brannskum til miljø. Utslepp av sløkkevatn/brannskum vil bli sett på som akutt forureining jf. F-lov § 7 eller § 38.

Rutinar - § 5 andre ledd punkt 7
Verksemda sine tilsette har opplæring når det gjeld akuttsituasjon som oppstår ved brann. Det manglar ei skriftleg rutine for kva ein gjer og kven ein ringer ved tilløp til brann ved avfallsanlegget.

Verksemda har fleire gode tankar om arbeidsoperasjonar ved avfallsanlegget, men dei viser ikkje att i ei skriftleg rutine. Det er viktig at tiltak for å redusere risiko er personuavhengige, og difor skriftleggjort.

7. Merknader
Vi ga følgande merknad under inspeksjonen:

Merknad 1:
Verksemda bør flytte Adblue-tanken ut av oppsamlingsarrangementet

Kommentar:
Miljørisikovurderinga tek opp at plasseringa av Adblue-tanken i oppsamlingsarrangementet reduserer kapasiteten betrakteleg. I miljørisikovurderinga frå 2017 står det at Adblu-tanken må flyttast ut av arrangementet. Under tilsynet vart det avdekka at Adblue-tanken framleis står i oppsamlingsarrangementet.

Merknad 2:
Verksemda må tette hol i dekket

Kommentar:
Det står i miljørisikovurderinga, og det vart avdekka under kontrollen, at det er hol i dekket fleire stadar. Det er ein kontinuerleg prosess å drive vedlikehald og tette hol i dekket slik at ein følger opp krav i løyve og forskrift.

Ei miljørisikovurdering skal være eit levande dokument. Det er forventa at ein stadig følger opp ei miljørisikovurdering ved å avdekke farer og problem og utarbeider tiltak for å redusere risiko. Det er også forventa at ein oppdaterar miljørisikovurderinga når det er gjort endringar i verksemda og i rutinar.

Merknad 3:
Tørr-sprinkler anlegg

De bør få på plass eit tørr-sprinkler anlegg i lagerbygningen for sortering av papp/papir og plast. Brannbelastningen i dette bygget er stort og vanskeleg å gjera ein god slukkeinnsats slik løysningen er i dag. Tørr-sprinkler anlegget hjelper til for å yte rask innsats og slukking i lagerbygning utan å gå inn i bygningen.

8. Andre tilhøve
Verksemda tok opp spørsmål om kva som krevst for å kunne ta imot større fritidsbåtar. Det er krav om løyve for å kunne ta imot større fritidsbåtar over 15 fot.

9. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureinningslova
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging